



Old boys-gjengen samla til trening på Heio torsdag. Foran sit frå venstre Gunnar Leite, Stian Haugland, Roar Musland, Per Erlend Ljostveit, Andreas Kristoffersen og Tor Øystein Myklebust. Bak står, også frå venstre, Rune Hjelmeland, Børge Bondhus, Kjetil Myklebust, Trond Myklebust, Kjell Erik Taranger og Frank Stensletten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**uskedalen.no har nyleg presentert ein gjeng med old girls som har gått entusiastisk i gang med å spela fotball. Men ein bør for likestillingas skyld presisera at bygda svært lenge har hatt aktive old boys.**

**Under siste trening på Heio torsdag kveld var dei 12, men talet varierar mellom 8 og 16.**

Det opplyser Gunnar Leite, som ikkje vil kallast leiar men som har jobben med å tromme saman mannskapet til treninga kvar torsdag. Det er ikkje alltid like enkelt. Det er ofte nødvendig med 8-10 telefonar.

- Eg må mase for å få folk til å møta fram, innrømmer Gunnar.

-Vi må bli fleire og no har vi bedt med oss Herøysund, seier han og presenterar Rune Hjelmeland, som kjem frå nabobygda.

Samarbeidet er forsåvidt ein forlenging av ein lang tradisjon – for tidlegare var Uskedalen og Herøysund saman i serien, fortel Gunnar. Tidlegare var det også old boys i kvar bygd.

Fotballinteressa blant dei "gamle gutane" i Uskedalen har vore til dels sterkt varierende. Det har vore periodar med svært liten aktivitet. Men å dømma etter engasjement og innsatsvilje på Heio denne kvelden er det grunn til å vera optimist akkurat no.

-Spelar laget kampar?

-Nei, vi har berre trening, for det er rett og slett ingen å spela mot. Tidlegare var det annleis. Då var det til dømes ein svær turnering for old boys ein gong i året i Haugesund. Vimå gjerne få att noko slikt.

- Har gjengen sosiale aktivitetar ved sida av treninga?

- Ikkje førebels, men vi har vore inne på om vi skulle ta ein fotballtur til England utan at det har vorte verkelegheit førebels.

Av Ola Matti Mathisen